

# Ufattelege 2.400 på fjellkonsert i



**HAUSTA STOR APPLAUS:** Sivert Høyem har stor applaus på Såto. Med seg hadde han musikar Christer Knutsen frå Stavanger.



**PÅ «FYRSTE» BENK:** Familien Fagerland Leirvåg er Sivert Høyem-fans. Dei hadde teke turen frå hytta på Hatlestrand for å få med seg såtekonserten. F.v. Pappa Asbjørn Leirvåg, mama Sandra Fagerland, Sivert Fagerland Leirvåg (10) og August Fagerland Leirvik (15).

**FOLKEHAV:** Ufattelege 2.400 personar fekk med seg såtekonserten under Tysnesfest.



**SIVERT OG SIVERT:** Sivert Fagerland Leirvik (10) fekk møta Sivert Høyem på sjølvaste Tysnessåto.



**BILET-SEANSE:** Det var kō for å sikra seg bilete i lag med Sivert Høyem. Her er det tre veninner frå Stord som får ynske sitt oppfylt. F.v. Evelyn Sjo, Wenche Åse og Arnhild Aas Vad.

**– Eg blei eigentleg heilt rørt.  
Det var berre heilt nydelig å sjå så masse folk samla på Såto, seier programleiar Anne Marie Kleppe.**

Ho var programleiar i fjor og. Då var det 1.125 som fekk oppleva Sondre Juststad i skodde og regn.

– Me fekk eit lite innblikk då me kom fykande opp med helikopteret. Då var det kō i den einaste stien som me såg, men det var først då me kom gående opp frå helikopteret og over skrenten at eg verkeleg såg kor mange som hadde teke turen.

– *Kuifor så stor oppslutnad?*

– Å koma ut i naturen, opp på fjellet, og der er det ein konsert. Det er ei unik oppleveling, og ikkje noko ein får oppleva kvar dag. Eg kunne vore der i nokre timar til, å oppleva musikken saman

med andre og sett på det folkehavet som var der oppe. Dette er noko eg har lyst å oppleva igjen.

#### – Fantastisk

– Gratulerer til alle dāke som er her. Me flaug, opna Sivert Høyem, for han slo fast at det er hyggjelag å vera på Tysnesfjellet.

– Og etter den fyrste songen tok han opp att kor flott det var å vera på Tysnessåto.

– Eg trur det er den fyrste konserten me spelar i oppoverbakke, la han muntert til, til smil og jubel frå publikum.

Med seg på Såto hadde han musikar Christer Knutsen. I kring tre kvarter fekk me høyrá den eine vakre Høyem-låten etter den andre.

Til slutt fekk me høyrá «Sleepwaking», «Love, Leave Me alone» og heilt til slutt

«Majesty». Då svara publikum med jubel og klapp, og musikaren sjølv slo fast at det hadde vært ei fantastisk oppleveling á spela på Tysnessåto.

#### Sivert fekk møta Sivert

I god tid før konserten tek til har familien Fagerland Leirvik frå Bergen med hytte på Hatlestrand benka seg næraast på fyrste benk på Såto. Dei vil få med seg Sivert Høyem på nært hånd.

– Ja, me er Sivert Høyem-fans, slår mamma Sandra Fagerland fast.

Pappa Asbjørn Leirvåg nikkar samtykkjande.

Dei to borna Sivert (10) og August (15) likar og musikken. Dei er nemleg godt vane med å høyrá Sivert Høyem-låtar i heimen.

– Turen opp til Såto svarte

til forventningane, seier pappa Asbjørn, i det artisten er klar til å setja i gong.

Ettærpå var det ekstra stas, då vanka det biletet til familien; med Sivert og Sivert Høyem i lag på Såto.

Dei var ikkje áleine om å få nokre ord og et bilette i lag med den populære artisten. Folk stod næraast i kō, både unge og eldre, for å bli forevigta i lag med Sivert Høyem. Mellom dei var ein veninnegejng frå Stord: Evelyn Sjo, Wenche Åse og Arnhild Aas Vad.

#### Imponert over Tysnesfest

Etter konserten har Sandra Fagerland berre lovord å koma med.

– Ei oppleveling heilt utanom det vanlege og ein konsert med eit flott repertoar. Song nummer to, «Into The Sea», sette standar-

den for heile konsertopplevelingen, skryt ho.

– «Sleepwaking» var og utrolig fin, i tillegg til fleire gamle melodiar, legg ho til.

Totalopplevelinga, med turen opp, konserten oppe, og turen nedatt med konserten i minne, var ifølgje Fagerland heilt topp. No gler ho seg allereie til såtekonsert neste sommar. Då vil ho absolutt tilbake.

Tur til Våge for å sjå på folkelivet vart det også tid til etterpå, der Sivert mellom anna fekk kosa seg på trampoline og i karusell.

– Eg er imponert over kva eit bygdesamfunn som Tysnes klarar å få til, skryt Sandra Fagerland.

#### – Himmelk oppleveling

Ein av dei mange som også nytte konserten på Såto var Øyvind